

Første test undervisningsopplegg

ELEVFORUTSETNINGER

HISTORIE VG3

ELEVFORUTSETNINGER

GRUNNLEGGJANDE LESE- OG SKRIVEKUNNSKAPAR

KOMPETANSEMÅL

ELEVEN SKAL KUNNE REFLEKTERE OVER KORLEIS TEKNOLOGISKE OMVELTNINGAR FRÅ DEN INDUSTRIELLE REVOLUSJONEN TIL I DAG HAR ENDRA MENNESKE SITT LIV OG FORMA FORVENTNINGER TIL FRAMTIDA.

Bryte kompetansemåla ned til lærermål som er litt lettare å bite over.

Lærermål for første time: Synleggjere og reflektere over korleis endringane påverka forskjellige deler av menneska sine liv"

KOMPETANSEMÅL

VURDERE KORLEIS MENNESKET HAR FORHALDE SEG TIL NATUREN, FORVALTA OG BRUKT RESSURSAR, OG BRUKE HISTORISKE PERSPEKTIV I SAMTALE OM BEREKRAFTIGE LØYSINGAR.

LÆREMIDLER

PC, LÆREBOK, NDLA, PAPIR, POWERPOINT, MOBIL.

Aller helst vil eg forsøkje å bruke lærebok og tavle mest, i håp om at det kanskje kan skape færre distraksjonar.

ARBEIDSMÅTER

KARTLEGGJE TIDLEGERE KUNNSKAP

5 minuttar i byrjinga av timen til å sete i gong tannhjula til elevane, sjå om dei hugsar noko frå tidlegare skuleår, ev. at dei har kunnskap frå andre plassar med seg.

"Kva tenkjer du når du høyrar orda Industriell Revolusjon?"

Kanskje leggje inn tid til ein liten mentimeter/ordsky, i tilfelle elevane ikkje vil prate høgt sidan dei ikkje kjenner meg. (Relevant som lærarstudent/vikar).

ARBEIDSMÅTER

INTERAKTIVE ARBEIDSOPPGÅVER

Køyre PØNSKT-modellen. Deler elevane inn i grupper kor kvar gruppe får ein bokstav. Så får dei 15 minuttar med ein pc/historieboka til å samle så mykje info dei kan om sitt tema, før det vert delt inn i nye grupper, kor kvar gruppe har ein elev med kvar bokstav. 10 min til å presentere for gruppa, også avslutte med litt oppsummering i plenum.

PØNSKT.

S: Sosiale forhold.

- Korleis lever menneska saman?
- Kva kjønnsroller finst?
- Kven passar borna, dei eldre, dei sjuke?
- Korleis ser utdanninga ut? Felles skule, foreldre som driv opplæring, berre sonen som følgjer far sin?

Er det nokre regler for kven som ev. får gå på skule?

- Er det nokre grupper som fell utanfor? Sosialt, helsemessig, økonomisk, osv.
- Korleis er befolkningsutviklinga?

P: Politiske forhold.

- Kven har makt til å vedta lover og regler, fordele goder, plikter og rettar?
- Korleis blir samfunnet styrt?
- Kor mykje fridom har dei ulike samfunnsgruppene?
- Er det nokre konfliktar internt, eller med andre samfunn?

Ø: Økonomiske forhold.

- Korleis skaffar ein seg mat?
- Korleis utnyttar ein naturressursane?
- Korleis er ressursane fordelt?
- Korleis foregår handel?

K: Kulturelle forhold.

- Kva verdiar og ideal er viktige?
- Kva slags utdanning blir gitt, og kven får den?
- Er det nokre kulturelle konfliktar mellom grupper?
- (Språk: Trur de det var skilnader på korleis dei ulike gruppene brukte språket?)

N: Naturlege forhold

- Kva naturressursar finst?
- Korleis blir landskapet påverka av samfunnet?
- Kva har været og klima å seie?

T: Teknologiske forhold

- Kva reiskap og metodar vert teke i bruk i produksjonen av mat, energi, og andre varar?
- Kva teknologi vert brukt til transport og kommunikasjon?

ARBEIDSMÅTER**KLASSEROMSSAMTALE**

Nokre minutt til slutt for å dele i plenum det ein har funne denne timen. Liten powerpoint kor med samling av dei viktigaste hovudpunktene, kor ein kan peike på det som har vorte teke opp ila timen/gruppearbeidet, slik at alle får det med seg.

INNHOLD**KVA ER DEN INDUSTRIELLE REVOLUSJONEN?**

Generell introduksjon til tema, kor læreboka vil verte godt i bruk.

INNHOLD**NATURRESSURSER, INDUSTRIALISERING OG BÆREKRAFT**

Naturressurser, industrialisering og bærekraft er hovudtemaa, med fokus på å trekke linjer til korleis den industrielle revolusjonen har sete spor i verda, og kva ting vi ser i dagens samfunn som er direkte kopla til utviklinga i industrien. Desse tema kjem fram i PØNSKT-modellen, men for at å vere sikker på at alle elevane har lært noko frå alle dei ulike temaa, er det viktig å sete av god tid til klasseromsoppsummering på slutten av timane.

Til dømes at naturressursar går frå å verte brukt i si mest naturlege form, til å verte arbeida til eit produkt.

VURDERING**GRUPPEFRAMFØRING**

Munnleg gruppevurdering, gjerne utført med ein anna lærar som "sensor". Gruppa, på omlag 4-5 elevar, får 15-20 til å halde framlegg, følgd av ein spørjedel, kor faglærar kan spørje om utdjuping. Vert gjennomført mot slutten av arbeidsperioden, når det snart er tid for å introdusere eit nytt tema.